

STYRET FOR NORDHORDLAND REVISJON IKS

MØTEUTSKRIFT STYRET

Møtedato: 29. juni 2020
Kl: 13:00
Stad: Alver Hotell, møterom
Desse møtte: Lovisa Midtbø, Magne Rifsgård, Vilgerd Storset Husa, Olav Steinar Namtvedt, Jorund Stellberg, Reidar Hjertås
Møteleiar: Lovisa Midtbø
Forfall: Ingen
I tillegg møtte: Janne Eraker (revisjonssjef), Ragnhild Kartveit Høyland (tilsette sin representant)

SAKSLISTE:

- Sak 1/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.
Sak 2/20 Godkjenning av møteutskrift av 09.12.2019.
Sak 3/20 Meldingar og orientering.
 - Orientering om drift og aktuelle saker
 - Rekneskap pr 31.05.Sak 4/20 Rekneskap og årsmelding 2019
Sak 5/20 Eventuelt

Lovisa Midtbø ynskta velkommen til møtet.

- Sak 1/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.**

Samrøystes vedtak:
Det var ingen merknad til møteinnkalling og saksliste.

- Sak 2/20 Godkjenning av møteutskrift av 09.12.2019.**

Samrøystes vedtak:
Møteutskrift 09.12.2019 vart godkjent.

- Sak 3/20 Meldingar og orientering.**
 - Orientering om drift og aktuelle saker
 - Status samanslåingsprosess
 - Rekneskap pr 31.05.

Samrøystes vedtak:
Styret tek meldingar til etterretning.

Det vart i møtet vedteke å lage eit brev til Indre Hordaland Revisjonsdistrikt der vi listar opp kva grep vi har gjort knytt til utgreiing

og vedtak om samanslåing og ber om eit tidsaspekt for når dei er klare til å gå vidare med prosessen.

Sak 4/20 Rekneskap og årsmelding 2019

Vedlagt innkalling var årsrekneskap 2019 med notar og utkast til årsmelding. Revisjonssjef gjekk gjennom hovudpunkt i rekneskap og årsmelding. Meirforbruk i 2019 gjeld i hovudsak høgare kostnader knytt til løn, og kjøp av varer og tenester, herunder kjøp av konsulenttenester innan forvaltningsrevisjon.

Årsmelding og årsrekneskap vart gjennomgått og kommentert av styret. Selskapet si netto pensjonsforplikting utgjer pr. 31.12.2019 kr 2 049 071. I samsvar med rekneskapsreglane for IKS er denne ikkje ført i balansen, men opplyst i note. Samla eigenkapital inklusive årets meirforbruk utgjer kr 3 024 303.

Revisjonssjef foreslår at årets meirforbruk blir dekkja inn av disposisjonsfond.

Samrøystes vedtak:

Styret godkjenner og signerer årsrekneskap og oppdatert årsmelding.

Styret gjer framlegg om fylgjande vedtak i representantskapet:

Representantskapet godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2019.

Årets meirforbruk, kr 285 874, blir dekkja inn ved bruk av disposisjonsfond.

Sak 05/20 Eventuelt

Det vart drøfta å ta opp sak i komande representantskapsmøte der vi legg fram kva oppgåver vi utfører for kommunane og nye oppgåver som er pålagt i forbindelse med ny kommunelov, og fakturering i den samanheng.

Neste ordinære styremøte ifylgje møteplan er 08.09.2020.

Alversund, 29.06.2020

Lovisa Midtbø
Styreleiar

Magne Rifsgård
Nestleiar

Vilgerd Storset Husa

Jørund Stellberg

Olav Steinar Namtvedt

Janne Eraker
revisjonssjef

Kopi: Ordfører/rådmenn i Nordhordland Revisjon IKS, revisor